



MØTEPROTOKOLL

Utval: Formannskapet
Møtedato: 31.03.2016
Møtetid: 17:00 - 18.15
Møtestad: Kommunehuset

Av9 medlemmer møtte 9, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemene møtte ikkje:	I staden møtte:

Andre som var til stades på møtet:
Rådmann Tone Ramsli

Møteleiar:	Ordførar Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Tone Ramsli

Merknader:

Underskrift frå utvalsleiar og møtesekretær:

Tysse, 14.04.2016

Underskrift utvalsleiar

Underskrift møtesekretær

Desse sakene vart handsama:

SAKLISTE

Saker til handsaming på møtet			
Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
013/16	16/339	Faste saker	
014/16	16/331	Tilbod på økonomiske analyse om ressursbruken i Samnanger kommune	

SAKNR. 013/16
FASTE SAKER

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinnkallinga og saklista vert godkjent
-

31.03.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

FORM-013/16 VEDTAK:

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent

SAKNR. 014/16

**TILBOD PÅ ØKONOMISKE ANALYSE OM RESSURSBRUKEN I SAMNANGER
KOMMUNE**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune har ikkje moglegheit til å inngå avtale med Agenda Kaupang om gjennomføring av ei økonomisk analyse gitt dei fristane som er skissert i tilbodet. Grunngevinga for det er at det ikkje er tilgjengelege midlar til kjøpet og at det er i strid med vedtekne retningslinjer for innkjøp .

Formannskapet vil på møtet den 28.4.2016 ha ein diskusjon om vidare arbeid med budsjett og økonomiplan.

31.03.2016 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

Ordførar orienterte om kvifor han hadde kalla inn til ekstra møte. Han informerte om bakgrunnen for at han hadde teke kontakt med det aktuelle firma og kvifor han ønskte ein slik analyse no.

Ordføraren sette fram slikt framlegg:

Agenda Kaupang får i oppdrag å gjennomføre analyse under dei vilkår som ligg i tilbodet.

Resultat av analysa skal presenterast i formannskapsmøte 28.04.16.

Analysearbeidet skal finansierast ved allokering av midlar frå variable utgiftspostar og/eller ved innsparing i driftsutgifter i 2016.

Olaug Øystese (Ap) ba om gruppemøte. Det vart innvilga.

Etter gruppemøte sette **Olaug Øystese (Ap)** på vegne av **Ap, H og Krf** fram slikt framlegg :

Formannskapet ber administrasjonen om ein KOSTRA-basert gjennomgang av den økonomiske situasjonen i kommunen der nøkkeltala i ulike tenester vert samanlikna med andre kommunar, og med tanke på å identifisera område der det er formålstenleg med tiltak.

Gjennomgang skal vera klår til formannskapsmøtet 28. april saman med tiråding til bestilling av utgreiingspunkt innanfor konkrete område, tenkt framlagt til kommunestyremøtet i mai.

Det vart røysta over framlegget frå rådmannen. Dette fekk 1 røyst (Olaug Øystese (Ap))
Det vart så røysta alternativt over framlegget frå ordføraren og framlegget frå Ap, H og Krf.
Framlegget frå ordføraren fekk 5 røyster (Frøland (Bl), Ø Røen (Sp), Tjønna (Sp) Tveit (Bl) og Haga (Frp) og vart vedteke. Framlegget frå Ap, H og Krf fekk 4 røyster (Øystese, Aasgaard (Krf), Aadland (Ap) og A. Røen (H)).

FORM-014/16 VEDTAK:

Agenda Kaupang får i oppdrag å gjennomføre analyse under dei vilkår som ligg i tilbodet. Resultat av analysa skal presenterast i formannskapsmøte 28.04.16.

Analysearbeidet skal finansierast ved allokering av midlar frå variable utgiftspostar og/eller ved innsparing i driftsutgifter i 2016.

